

# Skulereglar for Tryggheim ungdomsskule

## Kapittel 1: Heimel, formål og verkeområde

### **Privatskulelova § 5A-7. Skulereglar og § 5A-8. Informasjon til elevane og foreldra**

Skolen skal ha skulereglar om organisering av skoledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel (skulereglar).

Skolens styre kan i slike skulereglar angi kva tiltak som kan brukast når elevar bryt skulereglane, og korleis slike saker skal behandlast.

Skolen skal gi elevar og foreldre den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa, den enkelte eleven, skolemiljøet og skulereglane, og om dei rettane og pliktene elevane elles har.

### **1.1 Heimel**

Skulereglane er utarbeidd med heimel i «**Lov om endringar i lov av 4. juli 2003 nr. 84 om private skular med rett til statstilskot**».

1. Tryggheim ungdomsskule skal ha skulereglar som varetek omsynet til rettar og plikter for elevane i skulen (Privatskulelova § 5A-7. *Skulereglar*)
2. Endringar av skulereglane skal godkjennast av styret ved Tryggheim skular.

### **1.2 Føremål**

Skulereglane skal leggja grunnlag for mest mogleg lik behandling av alle elevane på område som er viktige for dei og for skulesamfunnet sett under eitt.

Skulereglane skal hjelpa til å gjera det klart kva for pliktar og rettar elevane har og skal gjera det lettare for elevane å ta ansvar for seg sjølve. Elevane skal og kunne kjenna seg trygge på at det ikkje vert gjort negative vedtak mot dei på anna grunnlag enn det som skulereglane heimlar.

Føremålet med skulereglane er å fremja samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for kvarandre. Skulereglane skal fremja god orden og gode arbeidsvanar slik at læringsmiljøet blir best mogleg.

### **1.3 Verkeområde**

Skulereglane gjeld for alle elevar ved **Tryggheim ungdomsskule**. Skulen har ansvar for elevane i undervisninga, under arrangement, på ekskursjonar og turar der elevane er under skulen si leiing. Dette inneber at skulereglane gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde, på skulevegen og når elevane har undervisning på andre stader enn på skulen sitt område. Skulereglane gjeld og når elevane er utanom skulen sitt område som til dømes i midttimen.

I tillegg til dette gjeld og skulereglane ved nettbruk både i og utanfor skuletida. Dette kan f.eks. vera trugsmål eller andre hendingar som vil ha direkte betyding for elevane sin skulekvardag.

Det kan ikkje vikast frå Privatskulelova og forskrift til Privatskulelova i skulen sine egne skulereglar. Dersom det ikkje er samsvar går Privatskulelova og forskrift til Privatskulelova framfor skulereglane til Tryggheim ungdomsskule.

Skulereglane skal gjerast kjent for elevane, føresette og tilsette kvart år når skuleåret byrjar. Skulereglane skal drøftast årleg i skulen sitt rådsorgan og skal alltid vera tilgjengeleg på skulen sine nettsider.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

Reglane som er nemnde nedanfor er vurderingskriteria for karakteren i orden og åtferd.

## **Kapittel 2: Reglar**

Tryggheim ungdomsskule er ein læringsarena og arbeidsplass for unge og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er og korleis det vert utvikla.

Elevane skal kunne forventast at skulen gir hjelp, støtte og rettleiing. Alle skal møtast med tillit og respekt. Elevane skal ha jamleg tilbakemelding på eiga læring og utvikling, vurdering med og utan karakter. Dei skal vera aktivt med i opplæringa.

Elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet og visa god folkeskikk. Som elev har ein difor både rettar og plikter ein skal fylgja.

## **2.1 Reglar for god orden og oppførsel**

### **Orden**

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å

- Møta presist på skulen og til undervisninga og vera førebudd til timar og avtalar.
- Ha skulesakene i orden og ha med bøker og alt nødvendig utstyr (til dømes gymklede, skrivesaker og PC som er opplada).
- Ha med nødvendige læremiddel og utstyr.
- Gjera skulearbeidet, inkludert lekser, til rett tid og vera klar for vurdering til oppsett tidsfrist.
- Halda klasserommet i orden, delta i rydding av undervisningslokala og uteområda.

### **Oppførsel**

Elevane skal ha god oppførsel. Det er god oppførsel å

- Visa respekt og vera høfleg overfor medelevar og dei tilsette på skulen.
- Ta ansvar for at det er arbeidsro på skulen og ikkje forstyrre læringa for seg sjølv og andre.
- Ikkje banna eller bruka anna grovt språk.
- Respektera kvarandre og ikkje mobba eller på andre måtar krenka kvarandre fysisk, verbalt eller digitalt.
- Spør andre om det er greitt før du tek bilete, film eller gjer lydopptak av dei. Det er ikkje tillate å ta bilete, film eller lydopptak av nokon som er under 13 år, utanom i undervisningssamanheng.
- Bruka skulen sitt datautstyr og digitale løysingar berre til skulearbeid.
- Ikkje bruka mobil og anna digitalt utstyr i skuletida, dersom anna ikkje er avtalt med skulen.
- Ikkje vera valdeleg eller kome med trugsmål
- Ta vare på skulen sitt utstyr, bygningar og læremateriell og leggja tilbake på rett plass etter bruk.
- Ta vare på dine og andre sine personlege eigedelar (verdisaker/ pengar tek ein med på eige ansvar).
- Ikkje røykja eller bruka el-sigarettar, snusa eller vera påverka av rusmiddel.

- Snakka sant og stå for sine handlingar.
- Ikkje knuffa mot kvarandre, korkje inne eller ute.
- Ikkje ha med farlege gjenstandar, som t.d. fyrverkeri, kniv eller andre våpen på skulen sitt område.
- Ikkje fuska eller prøva å fuska på prøver eller innleveringar
- Å delta i undervisning, andaktar, og skulen sine fellesaktivitetar heile skuledagen (Privatskulelova § 3-12).
- Å ikkje bruka hovudplagg. Hovudplagg med grunnlag i eigen religion er tillate.

## 2.2 Reglar for bruk av mobiltelefon og digitalt utstyr

- Når du kjem på skulen skal mobilen låsast inn i mobilhotellet i klasserommet. Mobiltelefon tek ein med på eige ansvar. Telefonen skal vera skrudd på lydlaus eller heilt av.
- Dersom ein elev bruker mobil eller anna digitalt utstyr kan dette blir tatt inn for dagen.

## 2.3 Fråvær

- Ved fråvær skal foreldre/føresette, så snart som råd, melda til skulen (kontaktlærar) om at ungdommen deira er sjuk.
- Når det er forsvarleg, kan leiar innvilga søknad om fritak frå undervisningsplikta for elevar i inntil to veker. Foreldra må søka i god tid før fritaket startar (Privatskulelova § 3-13).

## 2.4 Trafikktryggleik

- Tryggheim ungdomsskule ynskjer å vere ein trafikksikker skule og har mellom anne ein **Lokal plan for trafikktryggleik for Tryggheim ungdomsskule**. Denne regulerer trafikktryggleik og andre førebyggjande tiltak.
- Elevane kan nytta sparkesykkel/skateboard og liknande til og frå skulen, i tillegg kan elevane nytta desse i friminutta på tilviste plassar.

## 2.5 Vurdering/manglande innlevering

I forbindelse med manglande innlevering brukar skulen følgjande rutinar:

- Eleven får ordensmerknad.
- Eleven får ny tidsfrist for innlevering.
- Dersom ein elev har stort fråvær, manglande innleveringar og ikkje møter til planlagde vurderingssituasjonar, kan dette føra til manglande vurderingsgrunnlag i faget, og dermed bortfall av

termin- eller standpunktkarakter. Elev, foreldre/føresette skal varslast på førehand.

Fusk på prøvar

- Eleven får åtferdsmerknad og prøvesvaret blir ikkje vurdert.
- Som hovudregel vil ny vurdering bli føreteken.

Fusk (bevisst plagiat \*) på innleveringar

- Eleven får åtferdsmerknad og føresette blir informert.
- Eleven får ny tidsfrist for innlevering (til vanleg neste dag).  
(\* Med plagiat meiner ein kopiering av bilete, tekst og liknande utan at ein gir opp kven som eigentleg har skrive teksten eller teke bilete. Ein presenterer noko som andre har laga som om ein har laga det sjølv. Det skal vera skilnad mellom plagiat og dårleg kjeldebruk/kjeldevising).

## **2.6 Oversikt over reglar/prosedyrar som og vil ha betydning for orden og åtferdskarakteren**

- Reglar for tentamen/heildagsprøvar
- Reglement for PC-bruk og leigeavtalen
- Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø

## **Kapittel 3: Tiltak**

### **3.0 Generelt om tiltak**

I følgje privatskulelova § 5A-7 *Skolereglar* kan skulen sitt styre angi kva tiltak som kan brukast når elevar bryt skolereglane, og korleis slike saker skal behandlast.

Alle brot på skulen sitt reglement kan bli notert (merknad) og vera grunnlag for vurdering i orden og åtferd.

Alle tiltak skal vera slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Det skal alltid vera samsvar mellom eleven si åtferd og skulen sine tiltak. Skulen si vurdering av kor alvorleg hendinga er, skal liggja til grunn for tiltaket i kvart einskilt tilfelle. Tiltak bør koma så nær regelbrot i tid som mogleg.

Fysisk refsing og anna krenkjande behandling skal ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje arbeid i samband med rydding, vask og/eller reperasjonar etter seg sjølv eller andre.

Det er ikkje høve til å nytta kollektiv straff for ei gruppe elevar for handlingar utført av einskildmedlemmar. Elevar pliktar å overhalda pålagde tiltak. Om det ikkje skjer kan det føra til nye tiltak.

Når det i akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skada seg sjølv eller andre, vil det vera naudsynt å stansa eleven, eventuelt skilja eleven frå resten av gruppa og plassera eleven i eit eige rom med tilsyn for ein kortare periode. Når eit slikt tiltak blir gjort skal leiar og foreldra varslast straks. Skulen må dokumentera slike tiltak i elevmappa.

Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Alle reaksjonar skal stå i forhold til kor alvorleg brotet på skulereglane er.

### **3.1 Tiltak**

Ved regelbrot kan Tryggheim ungdomsskule bruke følgjande tiltak:

- Eleven kan få tilsnakk av lærar eller andre tilsette ved skulen.
- Skulen kan senda skriftleg eller munnleg melding til føresette
- Eleven må ringja heim til foreldra og gjera greie for kva han eller ho har gjort.
- Eleven kan påleggjast å vera med på samtale med skulen si leiing, kontaktlærar/sosiallærar evt. andre tilsette/vaksne ved skulen og/eller dei involverte partar.
- Skulen kan inngå ulike forpliktande avtalar med eleven, til dømes:
  1. Eleven sine pausar/friminutt kan bli særskilt regulerde
  2. Eleven kan flyttast frå klasse/gruppe til ei anna gruppe, eller gjera oppgåver utanfor si eiga gruppe.
  3. Eleven kan påleggjast å vera på skulen før/etter skuletid for å trygga andre elevar eller for å ta igjen tapt arbeid.
  4. Eleven kan måtte reparera, rydda eller vaska etter seg.
- Skulen kan beslagleggja ein gjenstand for resten av dagen.
- Ulovlege gjenstandar og ulovlege rusmiddel som t.d. våpen, kniv og narkotika skal overlatast til politiet.
- Eleven sine føresette kan haldast erstatningsansvarleg etter skadeerstatningslova §1-2 for inntil kr. 5 000, jf. skadeerstatningslova §1-1.
- Ved alvorlege brot på reglane, kan skulen politimelda saken. Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, kan leiar be politiet om hjelp. Føresette til elevane skal, dersom det er mogleg, varslast munnleg når det blir teke kontakt med politiet.  
Skade på skulen sin eigedom vil kunne verta meldt til politiet.

Straffbare forhold mot person vert som hovudregel melde av den som er utsett for forholdet – den som er fornærma.

### **3.2 Bortvising og enkeltvedtak**

Skulen skal halda seg til dei generelle saksbehandlingsreglane i forvaltningslova når det gjeld forskrifter, vedtak eller enkeltvedtak. Prosedyren for dette er skissert på følgjande måte:

- Ved grunn til mistanke om brot på skulen sine skulereglar kan skulen si leiing kalla inn til samtale og utspørjing kring eleven sitt kjennskap til hendinga. Skulen si leiing kan også gjennomføra undersøkingar på skuleområdet (inkludert elevskap). Skulen kan og be føresette om løyve til å gjennomføra kontroll av lommer i klede, sekkar eller ranslar. Om mogleg skal føresette til elevar gjevast høve til å vera til stades ved eventuell kontroll.
- Ved alvorlege eller gjentekne brot på reglementet kan elevar visast bort frå undervisninga i inntil 3 dagar. Leiar vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir fatta vedtak, skal eleven ha fått moglegheit til å forklara seg munnleg og ein skal ha vurdert andre hjelpetiltak og sanksjonar. Føresette må varslast. (Når det gjeld sakshandsaminga og dei rettane og pliktene som eleven, foreldre/føresette og skulen har, viser ein til Privatskulelova § 5A-7 og 3-10 og Forvaltningslova kap. IV, V og VI.
- Eit vedtak om bortvising frå undervisninga for opptil to kløkketimar er ikkje å rekna som eit einskildvedtak etter Forvaltningslova §2. Vedtaket kan derfor påklagast.
- Vedtak om bortvising av elevar for meir enn to kløkketimar reknar ein som eit einskildvedtak som kan påklagast.
- Elevar som utøver vald kan bortvisast frå undervisninga dersom vilkåra for bortvising er oppfylt, jamfør Privatskulelova § 3-10. Skulen er plikta til å vurdere andre tiltak før ein vel å bortvisa elevar. Avgjerda må fattast av leiar og i form av einskildvedtak.

Eleven skal ha moglegheit til å forklara seg munnleg for leiar før einskildvedtaket vert fatta.

*Eleven/foreldre har klagerett til Departementet ved Statsforvaltaren i Rogaland.*

### **Kapittel 4: Nødverje**

Personalet har ein særleg plikt til å syna omsorg for elevane på skulen. Personalet vil difor ikkje berre ha rett, men og plikt til å gripa inn for å hindra at elevar skader eller plager andre elevar eller skader seg sjølve

eller skulen sin eigedom. Straffeloven § 47 og § 48 om naudrett og naudverje gjer ei opning for at skulen sitt personale kan nytta fysisk makt til å stoppa elevar som slåst, hindra at eleven skadar seg sjølv eller andre, eller skulen sin eigedom, og til å verja seg mot elevar som opptre truande eller valdeleg.

Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melda frå til leiar og til foreldre/føresette.

## **Kapittel 5: Karakterar i orden og oppførsel**

Skulereglane er utgangspunkt for elevane sine karakterar i orden og oppførsel. Ved brot på desse reglane kan hendinga verta notert som ein merknad. Ved slutten av kvar termin vert det teke ei vurdering av desse merknadene i eit eige karaktermøte og ut frå dette får elevane karakterane sine. Karaktermøtet består av alle i personalet som er involvert rundt elevane som skal vurderast. I tillegg er leiargruppa med på heile møtet.

Karakterane ein kan få er (Forskrift til Privatskulelova § 6-5. *Karakterar i orden og oppførsel*):

- **God (G)**: vanleg god orden og vanleg god oppførsel
- **Nokså god (Ng)**: store negative avvik frå vanleg god orden og vanleg god oppførsel
- **Lite god (Lg)**: særleg store negative avvik frå vanleg god orden og vanleg god oppførsel

Når den avsluttande karakteren (standpunktkarakteren) i orden og i oppførsel vert sett, ser ein på karakterane frå alle terminar. Utviklinga over tid samt vurderingane frå 10. trinn vil verta mest vektlagde.

Elevar kan klage på standpunktkarakteren i orden og oppførsel (jf. forskrift til privatskulelova § 7-6). Klagefristen er ti dagar. Dersom skulen ikkje gjer nytt vedtak, blir klaga sendt vidare til statsforvaltaren i Rogaland. Statsforvaltaren kan avvise klaga, stadfeste standpunktkarakteren eller justere karakteren opp eller ned.

***Skulereglane for Tryggheim ungdomsskule er vedteke av styret for Tryggheim skular mai 2024***